



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Per Kristian Austbø, 51 56 89 10

## Avgrensa høyring av Besøksstrategi for Jærstrendene landskapsvernområde i Rogaland

**Fylkesmannen i Rogaland sender med dette på høyring Besøksstrategi for Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminne. Høyringsfristen er sett til 01.02.2020**

### Bakgrunn for saka

Fylkesmannen i Rogaland fekk i 2018 oppdrag frå Miljødirektoratet om å utarbeide ein såkalla besøksstrategi for Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminne.

Strategien skulle utarbeidast etter dei føringane som går fram av *Vegleiar for besøksforvaltning i norske verneområde* ([Miljødirektoratet M-415 2015](#)). Der heiter det mellom anna at ein besøksstrategi skal balansere omsyn til naturvern, friluftsliv, brukarinteresser og lokal verdiskaping.

Vårt arbeid med strategien tok til i 2018. Det vart oppretta ei prosjektgruppe med representantar frå Fylkesmannen, Rogaland fylkeskommune, Jæren Friluftsråd og kommunane. Prosjektgruppa gjennomførte samrådsmøte med alle dei fire kommunane Randaberg, Sola, Klepp og Hå. Eit utkast til strategi blei i mai 2019 sendt til desse partane, for eventuelle merknader. Deretter blei utkastet sendt til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang.

Gjennom arbeidet med besøksstrategi har vi og hatt kontakt med ei rekke interesser og organisasjonar på Jærstrendene som:

- Rådgjevande utval for Jærstrendene (m.a. Rogaland Bondelag, kommunar og MUST-Stavanger museum)
- Region Stavanger. Ryfylke (reiseliv)
- Sola brettseilerforening
- Norges Seilforbund
- Freesport Stavanger
- Stavanger Turistforening
- Naturvernforbundet i Rogaland
- FNF – Forening for natur- og friluftsliv



- Norsk Ornitologisk forening avd. Rogaland

### Eigen kartportal

Verneområdet ligg langs kysten gjennom fire kommunar. Den lange og smale kyststripa er særskilt samansett i høve natur- og kulturverdiar og bruksinteresser. Vi har derfor funne det føremålstenleg å lage ein eigen kartportal på nett, sjå kap. 2.8 i vedlagt strategidokument, og sjølv portalen på <https://www.temakart-rogaland.no/bsj>

I kartportalen er det mogleg å få oversikt over til dømes vernegrenser, forvaltningsplan-informasjon, sårbart dyre- og planteliv, kulturminne, tilretteleggingstiltak, og ikkje minst tiltak som er foreslått i denne besøksstrategien.

### Høyring

Vedlagt er *Besøksstrategi for Jærstrendene landskapsvernområde*.

**Fristen for uttale er sett til 01.02. 2020.**

Uttalar kan sendast til [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

Dokumentet vert og lagt ut på Fylkesmannen si nettside:

<https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Miljo-og-klima/Jarstrendene/>

Spørsmål kan rettast til miljøvernavdelinga v/Per Kristian Austbø, [fmropka@fylkesmannen.no](mailto:fmropka@fylkesmannen.no) eller på telefon 51568910.

Med helsing

Anita Bjørsvik  
rådgivar

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvern sjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg

1 Utkast besøksstrategi Jærstrendene

Adresseliste:

Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Reiseliv Rogaland			
Norges Surf Forbund			
Jæren friluftsråd	Nikkelveien 4	4313	Sandnes
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
STAVANGER TURISTFORENING	Postboks 239 Sentrum	4001	STAVANGER
Norsk Ornitologisk Forening avd. Rogaland			
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Norsk Botanisk Forening avd Rogaland			
Fortidsminneforeningen avd. Rogaland			
STIFTELSEN STAVANGER BISPEDØMME	Lagårdsveien 44	4010	STAVANGER
Stavanger Kiteklubb			
Naturvernforbundet i Rogaland			



Sola Brettseilerforening			
SUP Club Stavanger			
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
Syklistenes Landsforening Sør-Jæren			
Forening for natur og friluftsliv Rogaland			
Arkeologisk museum UiS		4036	Stavanger
Norges Seilforbund v/Ilan Sharoni			